



Saksframlegg

Økonomirapportering til 1. tertial, kultur og oppvekst 2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg.

Bakgrunn for saka:

I økonomireglementet står det: Kommunalsjefane skal pr. 01 mai og pr. 01. november legge fram politisk sak om den økonomiske situasjonen.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet

Sektor for kultur og oppvekst ligg stort sett på budsjett for 1. tertial, Noko av det som gjer at ein ligg på eit slikt nivå er også ekstra inntekter i refusjon som skulle ha vore ført i 2024. Ein ser for seg noko overforbruk utover hausten, grunna satsingar skildra under.

Skuleåret 2024-2025 har kommunalsjef for kultur og oppvekst og rektor rapportert jamleg til formannskapet etter vedtak i kommunestyresak i juni 2024.

Det blei i denne saka meldt eit behov for hjelp grunna etterslep av oppgåver og for å kome på rett kjø. Vedtaket blei at sektoren skulle rapportere jamleg til formannskapet. Ein har jobba mykje siste året med både tilsyn, endringsarbeid og fráværsoppfølging. Dette byrjar og bli betre, men ein del arbeid står att og vi har endå fleire usikre moment.

Det er i skulen ein ser behov for dei største endringane. Dette omhandlar i størst grad langsiktig tenking rundt skulemiljø og sjukefråvær. For å starte opp eit betre skuleår, må ein satse noko og det handlar ein del om å sikre kvalitet og ressursar. Ein kan ikkje starte eit år til med dei utfordringane som har vore. Difor har skulen hausten 2024 etablert eit skulemiljøteam og på slutten av året fekk vi kr 364.000,- frå UDIR for å vidareføre dette. Skulemiljøsakene aukar og vi må ha eit auka fokus på dette, slik at vi får tilbake eit godt skulemiljø. Det er difor tilsett ein skulemiljøarbeider, som blir dekkja noko innafor desse midlane.

Barnehagen har ein miljøterapeut frå før. Desse to miljøarbeidarane blir også sentrale i laget rundt barnet, som vi nå har reetablert saman med helse.

Vi tilset også ein IKT-arbeider for å bistå personale i den digitale utviklinga.

Vidare er eit av tiltak auka stilling som spes.ped koordinator. Det er forventa ein annan jobb ute på skulane etter ny opplæringslov og nytt PPT blei sett i kraft. Spes.ped koordinator har ulike sertifisering vi vil dra nytte av i eigen kommune framover.

Utlysinga saman med Tokke gav ikkje noko ny logoped. Det vil difor vere ei innsparing på denne stillinga også i haust, men vi har noko tilgang på logoped ut hausten.

Frå hausten er nøydd til å ha personal på plass for å fylgje opp både vedtak, etterslep og skulemiljø. Ein jobbar difor kreativt med dei stillingsressursane ein har i dag, men må gamble noko over det ein har, då fråværet fortsatt er usikkert
Det vil vere fleire naturlege avgangar på sikt.

Alle tiltak som er sett inn er teke opp i formannskapet og omstillinga ein må gjere på skulen vil gje pukkelkostnader. Vi må sikre ein annan stabilitet og kvalitet til hausten og det skal vere godt å arbeide på skulen.

Det er forventa omstillingar i sektoren, noko vi sjølv ser og allereie er i gang med. Både på tvers av sektor og i den enkelte avdeling.

Av ekstraløyvingane på kr 5 millionar blei kr 1050.000,- overført til skulen som fastløn. Grunna tidlegare sprekk og høge løner. Kompensasjonen ein fekk for prisvekst vert sett av i sektoren som ein eventuell buffer.

Barnehagen har gjort innsparingar på fleire område, spesielt innanfor vikarbruk, meir fleksibelt bruk av personalet og reduksjon i innkjøp som ikkje er kritisk for dagleg drift.

Men sjølv om barnetalet går litt ned er det behov for fleire pedagogar frå hausten, både for å møte krav til pedagognorm og for å sikre god kvalitet i det pedagogiske arbeidet. Ein har ikkje tidlegare sett så stor auke på kjøp av fulle plassar , under 3 år. Dette er veldig bra. Barnehagen har moglegheit for å få til desse tilpassingane innafor eigen ramme.

I kultur er det også ei god jobbing og avdelinga er i balanse. Sektoren søkte også om midlar til skulebibliotek, men fekk avslag.

Konklusjon:

Sektoren ligg på budsjett pr 1. mai og jobbar vidare med dei endringane som er nødvendige.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg tek den økonomiske stoda i sektoren pr. 01.05. i sektor for kultur og oppvekst til vitande.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Liv Johre-Bakke
	kommunalsjef kultur og oppvekst